



Stiegler Advokatfirma AS
Christina Røsvær
Fortunen 1
5013 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6489 - 22/42803

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.06.2022

Vi trenger fleire opplysningar i søknaden - gbnr 347/49 Rossland

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 347/49
Tiltakshavar: Kjartan Viken Johannessen
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til søknad om tiltak – legalisering av kai - motteke .
Søknad har manglar og vi ber om supplerande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå plankrav for legalisering av kai skal sendast inn.
2. Tiltaket og dispensasjon skal nabovarlast.
3. Målsatt situasjonskart med påvist kai og avstander til nabogrensar må sendast inn.
4. Målsatte teikningar av kai må sendast inn.
5. Samtykkje frå eigar av gbnr 347/52 på nærmare avstand enn 4 meter frå kai må sendast inn, evt. kan det søkjast dispensasjon frå avstandskrav i PBL §29-4.
6. Søknad om byggetiltak- kai - etter PBL §20-1 må sendast inn.
7. Før det vert gjeve løyve til byggetiltak skal det liggje føre løyve etter Hamnelova frå Bergen hamn. Det ligg føre førehandsuttale frå Bergen hamn datert 8.12.21, etter dispensasjon for kai er avklart, skal det søkjast om løyve etter Hamnelova før vi kan handsama byggesak for både kai og flytebrygge.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.07.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjartan Viken Johannessen

SØRÅSHØGDA 137

5235

RÅDAL

Mottakarar:

Stiegler Advokatfirma AS

Fortunen 1

5013

BERGEN